

# Bokn Bygdablad

Nr. 6 august 2013 – Årg. 28



Skulejubiläum – s. 4



Tetttak – s. 3



Beste kommune – s. 3



Val 2013 – s. 10



[www.bygdabladet.no](http://www.bygdabladet.no)

KJEKT PÅ BOKN





## RDFØRAREN RDET

### Kjære sambygding

#### Ny vår for Bokn bygdemuseum

Bokn kommune har ei stor museums-samling utstilt i det gamle ungdomshuset på Håland. Eldsjeler frå Bokn samla opp gjennom 70- og 80-talet om lag 4000 gjenstandar som i dag er stilt ut og ordna slik at ein får eit breitt bilete av det gamle Bokn. Dessverre har besøkstala dei siste åra gått nedover og nådde botn i fjor då ingen(!) besøkande var innom museet på Håland.

Dette endra seg i sommar då Bokn Historielag tok initiativ til å halda ope tre timar på sundagane i sommarmånadene. Medlemmer frå historielaget stod for omvisning, og tett på 100 personar tok turen innom museet. Dette viser at det er både interesse for å sjå museumssamlinga, og grunnlag for å ha sommarope. I tillegg ligg museet tett på Boknafjellet, som er turdestinasjon for om lag 3000 personar i året. Med tilrettelegging og informasjon kan ein få distriktets sundagsturistar til å leggja turen innom museet vårt. I tillegg vil eg oppmoda ulike institusjonar i Bokn, slik som skule, barnehage og dagsenter, om å besøke samlinga.

Eg vil takka Bokn Historielag for initiativet og innsatsen dei gjorde i sommar, og håpar tilbodet kan vidareførast også neste sesong.

#### Stortingsvalet 2013

Det stundar mot nytt Stortingsval og om lag 3,5 millionar nordmenn med stemmerett har den 9. september høve til å avgjere kva retning landet skal ta dei neste fire åra. Valkampen er intens, og kanskje endå meir intens etter åtte år med den same regjeringa. To veker før stortingsvalet er det bevegelse i opinionen, men ingenting er



Bokn historielag sørga for sommarope museum i år.

Foto: Reidar Alvestad

avgjort. Me veit ikkje kva regjering me får, eller korleis styrkeforholdet mellom partia blir.

Berre tre stortingsval etter den andre verdskrigen har hatt lågare eller same valdeltaking som stortingsvalet i 2009. Det gjeld vala i 2001 (med den lågaste deltakinga sidan 1927), i 1993 og i 1945, då deltakinga var på same nivået som i år.

Mange har lett for å tru at når ei demokratisk styreform er innført, så er ho sikra ein gang for alle. Verds historia visar at dette ikkje er tilfelle. Demokratiet må pleiast, haldast ved like og utviklast slik at det tilpassar seg samfunnsendingane. Dette krev deltaking, helst frå alle innbyggjarane.

Ved Stortingsvalet i 2009 valde 81,1 % av boknarane å bruke stemmeretten

sin. Dette er mykje, når valdeltakinga på landsbasis var 76,4 %. Eg vil oppmoda alle boknarar med røysterett, og spesielt fyrstegangseljarane, om å møte opp på Boknatun den 9. september for å røysta. Den 11. juni i år var det hundre år siden norske kvinner fekk full stemmerett på lik linje med menn. Gjennom å gjera borgarplikta denne hausten, er du med å markera denne hendinga på ein verdig og god måte, samstundes som du pleier demokratiet.

Godt val!

Ordføraren



## Snart jul?

**Det er ennå ei stund til jul. Men me som lagar til julegåver til ungar i Ukraina, er snart i full gong.**

I år har me også gjort det enklare for deg som vil vere med å glede eit barn i Ukraina.

For kr. 75,- lagar me ei gåve som inneheld: sokkar, truse, dusjsåpe, tannkost og tannkrem + litt godteri.

Me pakkar dette fint inn og skriv eit kort med julehelsing og navnet ditt.

Vil du lage til ei gåve sjølv, merkar du den med kjønn/alder. Ber då om kr. 10,- pr. gåve til fraktstøtte. Pengene kan settes inn på konto: 3201 63 33734 – merk med navnet ditt

**Tenk på at denne gåva truleg er den einaste gåva dei får til jul!**

Elisabet – 469 59 513  
Annette – 913 28 258



# Tett tak i nytt barnehagebygg

Jardar Havikbotn



## 21. August inviterte Bokn kommune til kranselag i det nye barnehagebygget.

Ordfører Kyrre Lindanger uttrykte stor glede over det første store byggeprosjektet i kommunal regi sidan han blei ordfører (for seks år sidan). Han sa at det var kjekt å få prosjektet på plass og at politikarane klarte å samlast om å bygga ut ei tredje avdeling i barnehagen, og å få dekkja kapasitetsbehovet som er nå.

Han takka dei som har gjort eit solid arbeid og drive fram bygget, og trekte fram det gode samarbeidet mellom byggefirmaet Dommersnes & Larsen AS frå Vikebygd og Bokn kommune.

Det høyrer også med til historia at barnehagen hadde gitt byggefirmaet kake nokre dagar før.



Representantar frå byggefirmaet Dommersnes & Larsen AS og Bokn kommune samla i godt lag.



# Bokn - Rogalands beste kommune

Jardar Havikbotn

## Bokn er rangert som beste kommune i Rogaland innan grunnskule, pleie og omsorg, barnevern, barnehage og økonomi.

Det flotte resultatet i *Kommunebarometeret* gir Bokn kommune plass nr. 61 av landets 429 kommunar. I kommunegruppa er Bokn rangert som nr. 11.

"Kommunal Rapport" samanliknar norske kommunar i *Kommunebarometeret* på fjerde året.

- Eg synest det er svært hyggeleg at Bokn kjem best ut av kommunane i Rogaland i denne undersøkinga. Rangeringa skal ikkje vera noka kvilepute, men snarare eit signal på at Bokn kommune er på rett veg i forhold til tenesteproduksjonen. Me vil prøva å bli stadig betre på dei lågast rangerte tenestemråda, seier ordfører Kyrre Lindanger i ein kommentar til Bokn Bygdablad.

Han kjem også med eit lite stikk til storkommune-forkjemparane:

- Om hensikten med ein storkommune på Haugalandet er å gi innbyggerane



Ordfører Kyrre Lindanger var svært nøgd med fyrstesideoppslaget i avisa "Haugalandet Nettopp Nå" 21. August; *Styrer Rogalands "BESTE" kommune.*

eit betre tenestetilbod, er det slik sett lite å henta for boknarane, avsluttar

ordføraren.

# 40 års jubileum!

Jardar Havikbotn



Skulebygget i Førsvik var 40 år 20. august.

Jubiléet blei markert med at alle dei 124 elevane i 1-10-skulen fekk is av rektor Jarle Nilsen og Annette Bokneberg frå skulekontoret. På personalrommet var det iskake. Det er førebels uvisst om det blir fleire jubileumsmarkeringar i løpet av året.

Jarle Nilsen seier til Bokn Bygdablad at han er imponert over at dei aller fleste spesialromma gjennom 40 år har overlevd ombyggingar - og ikkje minst daalderen.

## Relasjonar

Litt morosamt er det at Oddrun Nilsen gjekk i den fyrste 1. klassen som begynte i det nye skulebygget hausten 1973. Nå er ho nemleg kontaktlærer for årets 1. klasse. Ein av elevane er Kimmy Vatnaland, som er dotter av Joar Vatnaland, også fyrsteklassing for 40 år sidan.



På skulekontoret heng ein stor nøkkel; *Bokn skule 20. august 1973*



Fyrsteklassingane Kimmy Vatnaland og Radu-Andrei Stef får Jubileumsis av rektor Jarle Nilsen. Kimmy er dotter av Joar Vatnaland, som gjekk i den fyrste 1. klassen i skulebygget.

## Med kurs for framtida: Bokn skule 40 år

Birger Lindanger

### Strid og tautrekking

I august 1970 sette 16 alvorlege boknarar seg kring kommunestyrebordet i gamle boknabanken. Tida var inne til å skjæra gjennom, endeleg skulle det fastsetjast kvar nyeskulen skulle stå. Under leiing av den 38-årige ordføraren Sigvart Våga gjekk kommunestyremedlemmane til votering. Det eine forslaget ville ha han i Førsvik ovanom gamleheimen, det andre på Fyren.

Vegen hit var lang. Det heile starta med den nye skulelova av 1936 som kravde eit heilt anna nivå på skulebygga enn det Bokn kunne by på. Både skuledirektøren og departementet føreslo då at heile Bokn kunne samlast til ein skulekrins med ein skule i Kyrkjebygda. Fleire i Kyrkjebygda, Førsvik, Sæbø, Boknaberg, Krogjen, Alvestad og Håland slutta seg til tanken. Men i resten av bygda, på Austre Bokn og dei ytre delane av Vestre Bokn, var

dei sterkt imot.

Etter mykje strid og tautrekking blei skulen for den nordre delen av Vestre Bokn flytta frå Torland til Boknaberg der det i 1951 blei reist ein splitter ny og tidsmessig skule. *Her har Bokn skule til inn i neste tusenår*, heitte det i avisene.

Men som me veit, det mangla mykje på at det heldt så lenge. Midt på 1950-talet heitte det at Bokn hadde dei mest moderne skulane i Rogaland. Likevel gjekk det bare 16 år før dei gjekk or bruk og enda som bedehus, kulturhus og lokale for eit byggefirma. Koss kunne det gå til?

For det fyrste døydde aldri tanken om ein fellesskule for heile bygda sjølv om det mangla eit politisk fleirtal for å gjennomføra prosjektet. Men viktigare var det at læreplanen for forsøk med 9-årig skulegang blei vedteken i Stor-

tinget i 1960, ein plan som enda opp med at den pliktige skulegangen blei utvida til ni år i 1969. Gjennom heile 1960-talet blei difor den niårige skulen innført i kommune etter kommune landet over – men ikkje i Bokn.

### Utan niårig skule?

Så kva med Bokn? *Bli Bokn stilt utenfor niårig ungdomsskule* var oppslaget i Haugesunds Avis i 1960. Utfordringa var at Bokn ikkje såg seg råd med eigne middel å reisa ein slik skule bare seks år etter det store løftet det hadde vore å reisa dei flotte skulane på Austre Bokn, Boknaberg og Hognaland. Difor kom spørsmålet opp om skuleborna frå Bokn laut skyssast til Kopervik for å gå på skule der, eventuelt at dei måtte innkvarterast på Karmøy fordi skulevegen blei for lang. Ein del departementsfolk i Oslo fekk det nemleg for seg at Bokn var for liten til å ha eigen ungdomsskule.

## 2. og 3. Klasse skuleåret 1974/1975



**Framme fv. Arve Are (2. Kl.), Jonny Are (3. Kl.), Bente Våge (3. Kl.), Randi Alvestad (2. Kl.), Anita Grønnestad (2. Kl.), Oddrun Håland (2. Kl.), Joar Vatnaland (2. Kl.), Trond Vatnaland (2. Kl.) og Arild Våge (2. Kl.).**

**Bak fv. Per Helge Sunde (2. Kl.), Jens Morten Vatnaland (3. Kl.), Randi Hognaland (3. Kl.), Leif Kjellesvik (3. Kl.), Wenche Våge (3. Kl.), Gunn Synnøve Solberg (2. Kl.), Ingjerd Ellingsen, Espen Alvestad (3. Kl.) og Egil Våge (2. Kl.).**

Men boknarane gav seg ikkje, også dei ville ha ungdomsskule utan å senda borna or bygda. Dei pressa på og mot slutten av 1960-talet kom det lovnadar frå departementet om tilstrekkelege økonomiske tilskot til prosjektet. Men kravet var at heile Bokn blei sentraliserte til ein skule. Dette førde til eit stort sinne og rabaldermøte med foreldra i områda utanfor Kyrkjebygda. Etter kvar laut dei bita det i seg, skulle ein behalda ungdomsskulen i bygda, laut alle dei ni klassestega i heile Bokn under eit tak.

### Harde tak for ny skule!

Så gjorde politikarane, framleis mot store protestar, vedtak om ein sentralisert skule i Bokn. Det blei ordna med skulebuss på Austre og Vestre Bokn og båt over sundet. Det var ikkje tvil om at den nye skulen skulle liggja i Kyrkjebygda. Men skulle han plasserast på Fyren eller i Føresvik. Austreboknarane ville helst ha han i Føresvik, då blei det kortast veg for borna deira. Etter intens tautrekking blei det i august 1970 avgjort med elleve mot fem røyster at skulen skulle reisast der han står i dag.

Det blei sett ned ei plannemnd og sidan ein byggjekomité med Kjell Kro i spissen. Eit problem var at Bokn var så seint ute. I dei fleste kommunane var det gjort erfaringar med nye måtar å organisera skulane, og sidan 1968 kom det stadig meir på moten med opne

skulelandskap. I starten var det sterk skepsis til dette. Men etter at to frå plankomiteen hadde vore på studietur i Sverige, kom dei tilbake med eit klart budskap: Også her laut det til skulelandskap.

Slik gjekk det til at heile Bokn i august 1973 blei samla under det vide skuletaket i Vigjå. Og denne gongen vara det inn i neste tusenår.

Det vil seia, bygget blei meir enn skule. Frå starten var det også bygdas kulturhus og storstove. I gymnastikk-salen arrangerte ein bygdedans, filmframvising og 17.mai-arrangement. Her heldt ein kommunestyremøta, her fekk folkebiblioteket sine lokale, her var det lege- og tannlegekontor og elles møtelokale for lag og foreiningar – heilt til det nye kommunehuset blei teke i bruk 13 år seinare. Dessutan kom det idrettsplass med internasjonale mål straks søraust for skulen.

Alt var likevel ikkje bare fryd. Byggefirmaet hadde nok slurva noko. Mest alvorleg var det at det flate taket ikkje var tett og at nokre av veggane var skeive.

Så måtte det til omfattande utbetningsarbeid.

Det opne landskapet fungerte heller ikkje heilt som ein hadde håpa. Dei fleste lærarane hadde stor tru på den-

ne løysinga og la sjela si i å få henne til å fungera. Manglande samordning av undervisinga skapte ein del forstyringar, og etter kvar freista ein å dela av meir enn det som var føreset. Det skjedde med møblar og skjerm Brett slik at ein etter kvart fekk tri avdelingar: Frå 1. – 3. klasse, frå 4. – 6. klasse og frå 7. til 9. klasse. Dessutan blei spesialromma mykje meir nytta enn tenkt.

Grus på fotballbanen var heller ikkje ideelt. Når vinden var nordvestleg, opplevde dei næraste naboane det nærast som ein ørkenstorm. Så gras kom nokså fort på plass.

Det største taket blei likevel teke ved tusenårsskiftet. Den 17. desember 2002 blei det teke i bruk ein heilt ny fløy med auditorium og lokale for folkebiblioteket. Resultatet var nå så bra at det kom delegasjonar frå andre stader i fylket for å sjå koss ein hadde gjort det i Bokn. Om ikkje bygget skulle halda inn i neste tusenår, kan boknarane by borna sine ein av dei mest framtidsette skulane i fylket.

Dette var bare litt boknsk skulehistorie. I den komande kulturhistoria blir det mykje meir å lesa både om skulane og livet elles.

**Lengda på skuledagane**

Alle elevane møter kvar dag kl. 08.20.

Måndag sluttar 1. – 4. klasse kl. 12.10 og 5. – 10- klasse kl. 14.10.

Tysdagar sluttar alle elevane 14.10.

Onsdagar sluttar alle kl. 12.40.

Torsdagar sluttar alle kl. 14.10.

Fredagar sluttar 1.-4. klasse kl. 12.10 og 5.-10. klasse kl. 14.10

**Nytilsette**

Oddrun Nilssen	Lærer
Marie Vågshaug	Assistent
Stine Waage	Lærer
Margaret Dirdal	Miljøarbeidar/ assistent
Anita Dagsland	Lærer
Valentina Everte	Lærer

**Kontaktlærarar**

1. kl. Oddrun Nilssen
2. Kl. Vivian Mortensen
3. Kl. Sigrunn Hole Hosaas
4. Kl. Trygve Meland
5. Kl. Ina Tangen
6. Kl. Anita Dagsland
7. Kl. Merete Alvestad
8. Kl. Stine Waage
9. Kl. Jørund Hageberg
- 10.Kl. Wenche Havikbotn

**Avdelingsleiarar**

Wenche Havikbotn	Ungdomsskulen
Merete Alvestad	Barneskulen
Linn Kari Lie	Team ekstra

**Busskort og skuleskyss**

Alle elevane i 2. – 10. klasse som har rett til fri skuleskyss må finne fram busskorta dei har fått før. Kortet blir automatisk aktivert for eit nytt skuleår. Fyrsteklassingane får nytt kort. Dersom nokon har mista kortet må skulekontoret få melding snarast, slik at det kan bestillast nytt kort. Det kostar kr. 50 for elevar frå 5. – 10. årstrinn.

Det er ikkje endringar i skuleskyssen så langt me kjenner til i skrivande stund. Dersom ein lurar på kva tid bussen kjem til dei ulike stadene er det lurt å ta kontakt med buss-sjåførane:

Trond Nedrebø, Austre Bokn  
926 34 225

Rita Bokneberg, Vestre Bokn  
997 07 428

**Merking av klede**

Det er til stor hjelp om ein merkar klede som elevane ofte bruker på skulen, og som dei tek av og på seg i løpet av skuledagen. Dette gjeld særleg ytterklede, regnkledde, gymkledde/bagger, sko og støvlar. Skulen vil prøve å sjekke ofte at klede finn eigerane sine – helst kvar veke. Då er det større sjanse for at elevane hugsar kva plagg dei har hatt på seg i det siste.

Alle klede som ingen kjennest ved eller var umerka frå sist skuleår er pakka ned i sekker og blir leverte til dei som formidlar brukte klede.

**Forkontor skule og barnehage**

Forkontoret er foreløpig som regel betjent kl 08:00 – 15:00 tysdag til fredag og 12:00 – 15:00 på måndagar. **Telefon 52 75 25 69.**

I dette tidsrommet vil Annette Bokneberg kunne hjelpe deg med det meste som gjeld skule og barnehage.

**Jarle Nilsen**  
rektor

**Bokn Bygdablad for 20 år sidan**

FRÅ NR. 6  
1993



**SØNDALAND – SUNNALANDSSTRAUMEN**

I ei sak kor kommunestyret skal gi uttale om skrivemåten på ein del stadnamn, tilrår Bokn formannskap m.a. at den staden som på lokalt talemål vert uttala Sunnaland bør skrivast Søndaland, og at det som lokalt vert uttala Jøsen bør skrivast Jøsang.

Saka har vore utlagd til høyring, og det er kome inn merknader frå folk i dei aktuelle områda som ikkje ynskjer at stadnamna skal skrivast slik dei vert uttala lokalt. Desse merknadene er det nok lagde vekt på. I fylgje den nye lova om stadnamn skal det også leggjast vekt på lokal seiemåte, pluss kva namna skriv seg frå. Dette har formannskapet kanskje lagt

vekt på når dei tilrår at det bør heita og skrivast Sunnlandsstraumen i tråd med lokal uttale og Jøsenvågen og Jøsenvatnet. Det kan verka som det er brist i logikken her, sidan stadnamna har same utgangspunkt som dei som tidlegare er nemnt her. Men - formannskapet ynskjer altså at når Jøsang er samansett med -våg eller -vatn skal forstavinga vera Jøsen. Det same gjeld for Søndaland som saman med -straumen vert til Sunnlandsstraumen. Formannskapet tilrår også Loden som skrivemåte i samsvar med lokal uttale.

Saka er kome opp i samband med at det skal lagast nye sjøkart, og kommunen er beden om å uttala seg.

2

# Eg seie meg så

Birger Lindanger

Uttrykk frå fiske er ikkje alltid lette å forstå. Å slya er å gjera eit vonkast og å fly er å kasta knust høvring over glipen for å lokka til seg fisk, helst mort.

Elles kom alle deltakarane denne gongen brukbart frå det. Særleg kom Andor gruvsamt tilbake etter å hatt ein liten nedtur sist. Men denne gongen kom han heilt på topp med sine ni poeng.

Også Oddbjørg gjorde ein heiderleg innsats denne gongen.

## Forklaringane:

- |                    |   |
|--------------------|---|
| 1. å slya          | å gjera eit kast på vona (fiske)              |
| 2. å stufta sterta | å stupa kråke                                 |
| 3. å fly           | å fiska med glip ved å kasta lokkemat i sjøen |
| 4. elten           | masete  |
| 5. bedoftige       | å vera overlegen/fine på det                  |
| 6. å smolka        | å småle                                       |
| 7. såvert          | slik  |
| 8. å kreglas       | røsa seg, reagera på noko motbydeleg          |
| 9. ei stryda       | ei renne, trakt                               |
| 10. ei tya         | kva vesen eller natur nokon har               |

## MÅNADENS UTTRYKK

Kva betyr...

1. ein våndl
2. gadl (å gadla)
3. påg
4. gjesen
5. tæring
6. rolp
7. å hama seg
8. ei hantikka
9. å besa
10. klagje

Forslag til forklaringar kan leverast Bokn Bygdeblad **innan 16. september**.  
Skriv då ned nr. med forklaringa bak.

## Resultat:

Andor Borgenvik	9 poeng
Oddbjørg Bokneberg Øye	8 poeng
Dagsenterdamene	6 poeng

Denne gongen vil me takka Leif Vatnaland for god assistanse med uttrykka.



## Stortings- og sametingsvalet 2013



### Du kan røyste frå 01.07.2013

Dersom du ikkje har moglegheit til å røyste innanfor den ordinære perioda for førehandsrøstegjeving, og heller ikkje på valdagen, kan du frå 1. juli t. o.m. 9. august kontakta kommunen og avtale tid for å røyste. Du treng ikkje valkort, men **hugs å ta med legitimasjon.**

Den 12. august startar den ordinære førehandsrøstinga. I Bokn kommune kan du førehandsrøyse ved Servicetorget frå og med måndag 12. august til og med fredag 6. september frå kl. 09.00 til kl. 15.00. Du kan og førehandsrøyse ved Bokn folkebibliotek i same tidsrom måndager kl. 16.00 – 19.00 og onsdager kl. 16.00 – 19.00.

Sjuka og uføre kan sende søknad om å få røyste heime. Søknad må sendast Valstyret i Bokn kommune, Boknatunvegen 13, 5561 BOKN innan 3. september 2013.

Du kan førehandsrøyse i kva kommune som helst i landet. På valdagen må

du røyste i den kommunen du var registrert busett i pr. 01.07.2013. Du kan bare røyste ein gong.

### **Hugs å ta med legitimasjon.**

**For meir informasjon om valet, sjå [www.valg.no](http://www.valg.no) eller ta kontakt med Servicetorget på tlf. 52 75 25 00.**

### **Stemmerett og Manntal** Desse har stemmerett ved **stortingsvalet**:

- Norske statsborgerar** som
- vil ha fylt 18 år innan utgangen av valåret og som
  - er, eller noen gong har vært, folkerregisterført som busett i Norge, og som
  - ikkje har mista stemmeretta etter Grunnloven § 53.

Tilsette i diplomatiet eller konsulatvesenet og deira husstand har stemmerett sjølv om dei ikkje oppfyller busetningskriteriet. Dersom dei ikkje nokon gong har vært registrert som busett i Norge, skal dei manntalsførast i Oslo kommune.

For å kunne stemme ved stortingsvalget, må du stå innført i manntalet i ein kommune.

### **Er du innført i manntalet?**

#### **Velgerar busett i Norge:**

Alle personar med stemmerett vil automatisk bli innført i manntalet i den kommunen dei var registrert busett pr. 1. juli 2013.

Har du flytta til ein annan kommune etter 1. juli 2013, er du registrert i manntalet i den kommunen du flytta frå.

Manntalet er lagt ut til offentleg ettersyn i Servicetorget på Boknatun frå og med 12. juli 2013. Krav om retting av feil i manntalet kan rettast til Valstyret i Bokn kommune, Boknatunvegen 13, 5561 Bokn.

**For meir informasjon om valet, sjå [www.valg.no](http://www.valg.no) eller ta kontakt med Servicetorget på tlf. 52 75 25 00.**

**Valstyret i Bokn kommune  
v/leiar Kyrre Lindanger**

# BoknOpp 2013

Jardar Havikbotn

**Laurdag 7. september kl. 13.00 inviterer Bokn Idrettslag og Falkeid Idrettslag til sykkelritt frå Føresvik til toppen av Boknafjellet.**

BoknOpp blei arrangert for første gong i fjor. Opplegget er enkelt, men opplevinga er heftig, både for deltakarar og publikum. Å sykla frå sjøkanten til toppen av Bokn er absolutt "ein kamp mot deg sjølv", som det står på plakaten. 50 stk. gjorde det i fjor. Fleire boknarar deltok, men ingen damer frå Bokn. Oppfordringa skulle vera klar!

## Eigen trimklasse

Leiar i Bokn Idrettslag, Trond Vatnaland, fortel til Bokn Bygdablad at nytt av året er ein trimklasse for dei som ikkje nødvendigvis fyk oppover Boknafjellet, men tar det som ei utfordring og eventuelt tar beina fatt om det blir for tungt å sykla heilt opp. På toppen ventar heider og ære, premiar som blir trekte på startnummer, kiosk etc.

## Kaldt på toppen

Arrangørane erfarte i fjor at det blei kaldt for folk i sykkelklede å stå på toppen. I år kan deltakarane få frakta opp klede av løpsleinga. Desse ekstra-kleda kan leverast i startområdet like før start.

Arrangørane håpar på stor deltaking i år. Pr. i dag er det stort sett folk frå sørsida av Boknafjorden som har meldt seg på. **Ein kan melda seg på [www.boknopp.no](http://www.boknopp.no) eller [www.falkeid-idrettslag.no](http://www.falkeid-idrettslag.no)**

Bli vinnartida på 17 minutt og 12 sekund frå i fjor slått, og vil nokon greia å slå Andreas Nygård? Kor mange boknarar vil delta, og vil desse vera av begge kjønn? Korleis blir véret? Spørsmåla er mange og spennande, det er berre å møta opp!





**BOKN OPP**

**Ei heftig oppleving**  
frå kaien i Føresvik og opp  
til toppen på Boknafjellet 294 moh.

**7. sept. 2013 kl. 13.00**

**Påmeldingen åpner 1. Mai.**  
Påmeldingslink, sjå nettsidene til  
[www.boknopp.no](http://www.boknopp.no) eller [www.falkeid-idrettslag.no](http://www.falkeid-idrettslag.no)

Det vert turritt og trimritt for ungdom og voksne. Sjekk nettsidene for meir info om priser, innbetaling av startkontigent og lisens. Her finn dokke også løypetrasse, høgdeprofil mv.

**www.boknopp.no**

Arr: Bokn Idrettslag - Falkeid Idrettslag

Ein kamp mot deg sjølv!






















## Friidrettstreningar

Tekst: Jardar Havikbotn - foto: Einar Søndeland



**I sommar har dagleg leiar og hovudtrener i *Spirit - Stavanger Friidrettsklubb*, Einar Søndeland, hatt seks fellestreningar på idrettsanlegget i Føresvik.**

Den utflytta boknaren, med hytte i kommunen, har brukt mykje av årets ferietid til å overføra idrettsentusiasme og kunnskap til folk på Bokn. Nils Haktor Bua og Janne Elin Vatnaland i *Spirit* har også vore med. Godværet har også vore der, og banen ved Idrettshuset har vist seg frå si beste side, sjølv om løpebanen rundt ikkje har fast tartan-dekke.

### Variert

Det er ikkje berre løping som har stått på menyen på desse treningane.  
- Eg har med meg spyd og diskos også, fortel Søndeland, og legg til at litt barfot drilling på grasbanen har det også blitt tid til.

10 sprekingar har deltatt på friidrettstreningane, og alle håpar nok

at dette blir gjen-tatt neste sommar.

### Noregsmeister

Inspirerende har det sikkert vore for fleire å trena saman med ein noregsmeister.

I fjor vann Janne Elin Vatnaland NM-gull i U22-klassen i halvmaraton, og 31. august skal ho prøva og forsvara dette i Knarvik.

Formen er i alle fall til stades. Første helga i august vann ho Fitjar halvmaraton, persa med over tre minutt og sette ny løype-rekord.



**FEM AV SPREKINGANE:** Fv. Janne Elin Vatnaland, Nils Haktor Bua, Jørgen Nilssen, Kristoffer Nordhus og Sigrunn Hole Hosaas.

**Me ynskjer henne lukke til i NM!**

## RogalandsRunde 4

Jardar Havikbotn

**Pluggen motorklubb inviterer til finale i årets RogalandRunde. Den går føre seg på Torland søndag 8. september frå kl. 11.00.**

Johannes Nilssen i *Pluggen* seier til Bokn Bygdablad at folk får oppleva ein spennande innspurt av Rogalands-Rundane, der fleire lokale utøvarar er godt plasserte på resultatlistene.  
I tillegg til spenning og spektakulære prestasjonar, kan du også få kjøpt deg pølser, is, kaker, kaffi, m.m.

Dette året er det god tilvekst i trial-klubben og fleire unge boknarar vil denne dagen visa seg fram på køyredoningane sine.

- Kom og sjå! avsluttar Johannes Nilssen.



## Valet 2013: Eit val om kommunesamanslåing

*For folkestyrepartiet Senterpartiet, er hovudprinsippet i det norske demokrati at folket styrer. Innbyggerane kjenner sin kommune og sin kvardag betre enn det Stortingspolitikarane i Oslo gjer, dermed er det dei sjølve som må bestemme om dei vil slå seg saman med nabokommunen eller ei. Høgre har programfesta at dei vil ha 300 færre kommunar enn me har i dag i Noreg, og tvang er måten å gjere det på. Då må boknaren kjenne si besøks-tid til urnene i haust.*

### Sulteforing av kommunane

Skulle me få eit regjeringsskifte etter alle stemmene er talde opp 9. september, har Høgre det travelt med å endre selskapskatten til kommunane, nett som dei gjorde då Erna aka Jern-Erna var kommunalminister i

2001-2005. Måten selskapskatten då vil fungere, er at prosentandelen bedrifta betaler som i dag går til staten og blir fordelt utover alle Noreg sine kommunar som økonomisk utjamning, i større grad skal gå til kommunen kor bedrifta skatter. Med andre ord, kommunane kor verdiskapinga skjer i form av industri og primærnæring får ingenting, medan alt går til dei aller største byane som sit med hovudkontora.

Dei små taper mest. Om lag ti prosent av kommunane tener på dette, medan dei resterande nitti taper, og for Bokn vil reknestykket ende med eit minus på 574 000 kroner. Denne sulteforinga gjer sjølvsagt at mange kommunar ikkje vil overleve. Vil du ikkje, så både skal og må du er Høgre sitt budskap til kommunen.

### Mindre demokrati

Senterpartiet er kritisk til denne politikken frå Høgre som i tillegg til å redusere talet kommunar, vil legge ned fylkeskommunen. Dei vil dermed drastisk redusere talet på folkevalde institusjonar, og styringa av landet skal i større grad overlata til færre med meir makt, samt byråkratane. «Pengar spart» seier Høgre. «Ikkje nødvendigvis, og i nokre tilfelle på bekostning av tenestetilbodet til innbyggerane» seier erfaringane frå nabolanda. Høyrer ikkje Høgre på verken fornuft eller fakta?

Om smått er godt eller ikkje skal være opp til innbyggerane sjølv å avgjere. Alt anna er udemokratisk.

**Hanne Marte Vatnaland**

## Kvifor skal eg stemme?

### Av Roar Kro Medhaug, leiar i Bokn Senterungdom

9. september er det Stortingsval og me høyrer mange sei det er eit av dei viktigaste stortingsvala i vår tid. Det kan godt hende, og me i Senterungdommen oppfordrar alle som er gamle nok til å stemme på det partiet du der fleist meiningar med.

Nokre meiner det er mange ulike parti å velje mellom, og godt er det. Det fins og mange forskjellige folk i dette langstrakte landet vårt! Dei ulike partia skal kjempe for sine saker, sine meiningar og sine prioriteringar slik at folket sine interesser for landet vart fremja. Difor er det så utruleg viktig at alle bruker sin stemme og tek sitt val. Eg er sikker på at alle der ute har noko dei bryr seg spesielt mykje om, gjerne

meir enn andre ting. Bruk engasjementet ditt, og ta utgangspunkt i dette når du les kva dei ulike partia vil og står for. Slik finn du ut kva du skal stemme!

Me i Senterungdommen vil stemme for ei god framtid. Det håpar me du også gjer.

**Lykke til med valet!**

## Borgarlege tvangsbryllaup

Kyrre Lindanger

Dei politiske debattane i avisene og på fjernsyn på oppløpssida til stortingsvalet er, som før, prega av dei store, overordna sakene som veljarane er opptekne av; Helse, skule og samferdsel. Mange saker, som spørsmålet om kommunestrukturen, får ikkje det same søkelyset. Og det trass i at det vil bli ei gigantreform viss han blir gjennomført. Mens den raudgrøne regjeringa vil at kommunesamanslåing skal vera frivillig, varslar dei borgarlege partia omfattande kommunesamanslåing etter valet, om nødvendig med tvang. På toppen av det heile vil dei så snart dei kan, leggja ned fylkeskommunane. Eit eventuelt regjeringsskifte kan såleis føra til ein omfattande kommunereform.

I sommar gjennomførte den tverrpolitiske organisasjonen Lokalsamfunnsfo-

ringen ei stor undersøking om haldningane til kommunesamanslåing, bruk av tvang, interkommunalt samarbeid med meir og med eit oppsiktssvekande resultat. Det er ikkje noko nytt at folk er motstandarar av tvang, men utruleg nok meiner bare 20 % at Stortinget skal avgjera samanslåing av kommunar. Her er altså veljarane totalt på kollisjonskurs med Erna Solberg og dei borgarlege partia.

I VG den 11.08.13 skreiv ein kommentator beint fram at kommunane utan debatt må bli slått saman med tvang. Kvifor? Fordi det er best at folk bur tett saman i byar over ein viss storleik. Fordi det er mest "økonomisk" og gjer betre "standard". Dette er påstandar - ikkje fakta! Oslo og Bergen er korkje rimelegast i drift eller har best standard. Det er fleire gonger dokumentert

at innbyggerane er mest nøgd med tenestene i dei små kommunane, og kostnadar heng saman med busetjingsmønster og andre forhold enn innbyggartalet i kommunen.

I veke 33 blei Bokn kåra som den best drivne kommunen i Rogaland etter å ha blitt målt på 116 nøkkeltal i Kommunebarmeteret for 2013. Bokn fekk toppkarakter på områda økonomi, skule og kultur medan den høgrestyrte bykommunen Haugesund på landsbasis enda på ein 118. plass. Motstandarane av dagens kommunestruktur forklarar resultatata til Bokn med at kommunen får store overføringar frå staten.

Kvifor analyserar ein ikkje heller kva som ligg bak det faktum at 25 % av storkommunane, som har høgast

driftsutgifter, og som kjem dårleg ut i Difi-undersøkingar og Kommunebarometeret, ikkje leverar betre og meir tenestar for pengane? Småkommunane utgjer bare eit lite "kakestykke" i driftsutgiftskaka. Bare 170 kommunar mottar småkommunetilskott og då til saman 930 mill. kroner. Det utgjer totri promille av det samla budsjettet for sektoren!

Kommunesamanslåing er ein type sak som ein fyrst oppfattar som viktig når gravemaskinen står i hagen. For folk flest kan det vera vanskeleg å ta hypotetiske truslar på alvor. Men når resultat slår inn over ein, kan det vera for seint å reagere. Problemstillinga er så viktig for mange, at det kan vera avgjerande for kva røystesetel ein vel. Difor er dei borgarlege partia lite inter-

essert i å løfta denne fanesaka særleg høgt i valkampen.

Gigantreforma er ikkje vedtatt endå, men me får fleire svar om to veker. Det du som velgar gjer, vil avgjera om det blir ein storstilt kommunereform dei neste fire åra.

Godt val!

## For deg som er ung no: Klikk deg inn på «ung.no»

Anne E. Askeland

**På Ung.no kan du som er ung NO finne det offentlege sin informasjon til deg om rettane dine, om pliktene dine og om mogleheitene dine. Er du ung no har du heile livet føre deg. Då har du kanskje også lyst til å vera med å seia noko om kva faktorer som skal få verka inn på dette?**

Frå «ung.no» si heimeside kunne vi 20. august i år, lese fylgjande:

### 10 grunner for at du skal stemme

*Politikk angår deg, og du kan ikke la politikere gjøre akkurat som de vil. Har du stemmerett er det viktig å bruke den! Her får du argumentene du trenger for å komme deg opp av sofaen.*

*Det er viktig at ungdom bruker stemmeretten sin, for de kan også være med på å påvirke hva som skal legges vekt på i kommunen, fylket, og i landet som helhet. Her følger noen gode argumenter FRA ungdom TIL ungdom som har stemmerett om hvorfor de bør bruke den:*

### 10 grunner for at du skal stemme:

1. fordi ungdommen bør bry seg om det som skal skje rundt dem
2. fordi ungdommen skal "overta" makta i samfunnet en dag, og det kan være en fordel å begynne nå.
3. det er vår fremtid og vi kan selv være med på å bestemme utfallet av den
4. opprettholdelse av demokratiet
5. viss du ikke stemmer, kan du ikke "klage" på politikerne etterpå
6. for å kunne påvirke samfunnet i den retningen vi syns er best
7. vi må bruke den stemmeretten vi har
8. en stemme kan ikke forandre verden, men den kan gjøre noe for lokalsamfunnet- forandringer må til i det små!
9. unge må engasjere seg i politikken - vi må stemme frem våre egne
10. vil vi virkelig ha gubber som sitter og bestemmer hvordan våre liv skal bli? (skole, utdanning, fritids tilbud osv.?)

**Klasse 3SK, Hornnes vidaregåande skule, 4737 Hornnes (2005)**

### Fleire gode tips om kvifor ein bør stemme?:

1. Det er tross alt me som skal leve, så me må engasjere oss for kva som skjer i det samfunnet me lever i.
2. For å kunne ha ein finger med i spillet.
3. Sikre gode tilbud og fritidsaktivitetar for ungdom,

- også på vidaregåande skule.
4. Minke arbeidsledigheita.
  5. Betre læringsmiljøet på skulen.
  6. Større stipend til studerande.
  7. Ta betre vare på naturen og miljøet rundt oss.
  8. Betre butilbod til studentar og nyetablerte.
  9. Støtte det norske lokalsamfunnet og jordbruket.

### Live og Bjørn fra Hornnes Videregående skule

1. det er vi som ska leve i samfunnet.
2. vi har en plikt ovenfor samfunnet vår, og den kan vi opprettholde ved å stemme.
3. vi vil gjøre samfunnet til et bedre samfunn.
4. vi må ha egne meninger
5. kan være med å bestemme valg som inkludere oss.
6. viktig å bruke retten sin.
7. må bry oss om lokalsamfunnet.
8. tenke på miljøet
9. og vi må tenke på skole.
10. vi vet hva vi står for!!

### Knut Andreas og Tron Erlend fra Valle

Den viktigaste berebjelken i folkehelsearbeidet er tanken om menneskeverd, medborgarskap og demokrati som det styrande. Bruk difor stemmeretten, både du som er ung no, du som var ung for litt sidan – og også du som nektar å gje slepp på ein evig ungdom.

**Ta valet; gjer deg sjølv høyrd.  
Når, seier du?  
9. september; ved årets Stortingsval.  
Vi sjåast!**



# KULTURKALENDEREN

- endringar/nye arr. er markerte -

## August

30. Kino i Auditoriet  
**31. Mobilt avfallsmottak i Føresv. kl. 15-17, sjå s. 22**  
**31. Kyrkjjenær, Konfirmantseminar på Tysvær soknehus**

## September

01. Gudsteneste kl. 11.00. Konf.pres./50 års konf.  
 01. Bingo på skulen kl. 19.00, arr. Bokn Musikkorps  
**05. Oppstart Gladtrimmen, sjå s. 22**  
 07. BoknOpp  
**08. RogalandsRunde i trial. Torl. kl. 11.00, sjå s. 9**  
 08. NMS-fest. Bokn Bedehus kl. 19.00  
 09. Bibellesing. Bokn Bedehus kl. 19.00  
 13. Kino i Auditoriet  
 15. Gudsteneste kl. 11.00  
**18. Kyrkjjenær, Dåpsskule 2 for andreklassingar, Allrommet Boknatun kl. 12.40-14.30**  
 20. Bedehusbasar. Bokn Bedehus kl. 19.00  
 21. Kampen om Vikingskipet  
**23. Kyrkjjenær, Misjonsdag for fjerdeklassingar i Aksdal kyrkje**  
 23. Bibellesing. Bokn Bedehus kl. 19.00  
 26. Bokn Pensjonistforening har møte i Allrommet, Boknatun kl. 17.30  
 27. Kino i Auditoriet  
 29. Gudsteneste kl. 11.00. Hausttakkefest

## Oktober

02. Basar DISM. Bokn Bedehus kl. 19.00  
**03. Soknerådsmøte på Bedehuset kl. 19.00**  
 06. Bingo på skulen kl. 16.00, arr. Bokn Musikkorps  
 07. Bibellesing. Bokn Bedehus kl. 19.00  
 09. Kontaktmøte. Bokn Bedehus kl. 19.00  
 11. Kino i Auditoriet  
 13. Gudsteneste kl. 11.00.  
 20. TV-aksjonen 2013  
 21. Bibellesing. Bokn Bedehus kl. 19.00

25. Kino i Auditoriet  
 26. Auksjon på skulen, arr. Bokn Musikkorps  
 27. ABR-senteret. Bokn Bedehus kl. 19.00  
 31. Bokn Pensjonistforening har møte i Allrommet, Boknatun kl. 17.30  
**31. Soknerådsmøte på Boknatun kl. 19.30**  
**31. Kyrkjjenær, Alternativ Halloween for sjuandeklassingar, Bokn bedehus kl. 18-21**

## November

03. Gudsteneste kl. 11.00. Allehelgensdag  
 04. Bibellesing. Bokn Bedehus kl. 19.00  
 08. Kino i Auditoriet  
 08. Kulturkveld. Bokn Bedehus kl. 19.00  
**09. Julemesse/salgsmesse i gymsalen kl. 11-17**  
 10. Bingo på skulen kl. 19.00, arr. Bokn Musikkorps  
 16. Julemesse NMS Tysvær  
 18. Bibellesing. Bokn Bedehus kl. 19.00  
**19. Kyrkjjenær, Barnebibel for fireåringar, Bokn kyrkje/Allrommet?**  
 21. NMS. Bokn Bedehus kl. 19.00  
 22. Kino i Auditoriet  
 24. Gudsteneste kl. 15.00. Bibel til fireåringar  
**26. Soknerådsmøte på Bedehuset kl. 19.00**  
 28. Bokn Pensjonistforening har møte i Allrommet, Boknatun kl. 17.30  
**29./30. Kyrkjjenær, "Lys vaken" for sjetteklassingar, Bokn kyrkje/Petra**

## Desember

01. Gudsteneste kl. 18.00. Lysmesse  
 02. Bibellesing. Bokn Bedehus kl. 19.00  
 06. Kino i Auditoriet  
 08. Luciafest på skulen, arr. Bokn Musikkorps  
 15. Gudsteneste kl. 11.00  
 24. Gudsteneste kl. 14.00  
 26. Gudsteneste kl. 11.00  
 29. Juletreffest. Bokn Bedehus kl. 19.00  
 31. Gudsteneste kl. 16.00

## Volleyball for ungdom

Bokn idrettslag startar opp igjen vollyball for ungdom.

Dag og tid er onsdager kl. 19.30-21.00



## Dirigentskifte i Bokn Brass

Etter å ha jobba meir eller mindre samanhengande som instruktør/dirigent i korps rundt omkring i Sør-Norge i 36 år, korav 27 år i Bokn, gir Jardar Havikbotn seg som dirigent for vaksenkorpsset på Bokn.

Lillian Grønnestad vil inntil vidare dirigera Bokn Brass, og er med det dirigent for begge korpsa i kommunen.

## Gymsal, kveld - oppdatert 23.08.13

DAG	AKTIVITET	KL.	ANSVARLEG
Mån	Bokn skulekorps	17.45 - 20.00	L. Grønnestad
	Bokn Brass	20.00 - 22.00	L. Grønnestad
Tys	Barnetrim	16.30 - 17.30	C. Øvrebø
	Seniordans	17.30 - 19.30	A. L. Hoffmann
	Friskis & Svettis	20.00 - 21.00	Anette Våga
Ons	Allidrett	16.15 - 17.00	S.O. Alvestad
	Fotball G9 Volleyball, ungd.	18.00 - 19.30 19.30 - 21.00	Trond Foss Glen Riber
Tor	Fotball G10	17.00 - 18.00	Erik Våga
	Friskis & Svettis	19.00 - 20.00	Anne L. Faye
	Volleyball, vaksne	20.00 - 22.00	Trond Vatnaland

# Gratulerer!



**Silje Aksdal - 40 år, 29. juli.**

Gratulerer med 40 års dagen som var 29 juli!

**Hilsen Elisabeth og Malin.**



**Lars Erik Øvrebø - 5 år, 9. august.**

Gratulerer så mye med 5 års dagen 9. august!

**Klem fra mamma, pappa, Ole Johan og Endre.**




**Diamant-  
bryllup!**

**Else Amalie  
og Helge  
Johannes  
Nilssen  
hadde 60  
års  
bryllupsdag  
8. aug.**

Dagen vart feira i lag med familien heime på gamlehjemmet".

**Stor gratulasjonshelsing fra barn, svigerbarn, barnebarn og oldebarn.**



**Alfred Dahl - 11. juli.**

Me vil gratulera Vibeke Borgenvik og Simon Dahl med vesle Alfred som blei født 11. juli.

**Stor klem frå mormor og besten.**



post@bygdabladet.no

MMS: 98 22 15 08



## 5 i farten


**Skal du stemme?**

Hanne Marte Vatnaland

1. **Skal du stemme ved Stortingsvalet?**
2. **Kvifor det?**
3. **Har du allerede bestemt deg for kva parti du kjem til å stemme på?**

**Bettina Henriette Strand Vik (fyller 18 år 7. september)**

1. Ja, eg skal stemme.
2. Eg har lyst til å være med å gjøre en forskjell.
3. Eg er framleis litt usikker, men veit kva alternativ eg står mellom.



**Elisabet Taraldlien (44)**

1. Ja sjølvsagt skal eg det!
2. Det er viktig å bruke stemmeretten sin! Skal eg ha noko å seie i dette landet, er det måten å gjere det på.
3. Ja, eg er ganske sikker på kven eg skal stemme på.



**Arild Ognøy (49)**

1. JA!
2. På TV for tida seier dei at me må ta valet, og det stemmer jo. Me bør bruke stemmeretten, for om ingen stemmer så blir det heller ikkje mykje til styre.
3. Nei, ikkje endå.



**Odd Kenneth Tollaksen (25)**

1. Ja.
2. Det er vår borgarplikt.
3. Ja, eg har forhåndsstemt.



**Åse Helen Alvestad (44)**

1. Kan skjønne eg skal stemme!
2. Det er liksom berre heilt sjølvsagt at eg skal det. Det er viktig å vere med å påverke kven det er som bestemmer.
3. Ja.



## Formannskapsmøte 4. juni 2013

## Sak 020/13

**G.nr. 9 b.nr. 156 - Bokn kommune / Haugaland kraft -- nodehytte for fiber - dispensasjon frå byggegrense mot veg.**

## Formannskapet sitt vedtak: (samrøystes)

I medhald av § 30 i veglova, dispenserer formannskapet frå byggegrensa mot veg, slik at nodehytta kan plasserast 6 m frå vegmidte slik det er søkt om.

## Sak 021/13

## RYDDESAK TRÆR OG GJERDE VEDR. GNR. 9 BNR.82.

## Formannskapet sitt vedtak: (samrøystes)

1. Førespurnader om skjøtsel/felling av tre og anna vegetasjon på kommunal eigedom skal fremjast skriftleg til teknisk sektor, som tar avgjerd i saka i medhald av den mynde som er delegert til rådmannen.

2. Teknisk sektor gjer skriftleg vedtak i saka etter synfaring på staden, der omsynet til mellom anna fylgjande moment vert lagt til grunn:

Risiko, treet sin alder og kondisjon.

Omsynet til biologisk mangfald.

Estetiske vurderingar av treet eller trea i landskap.

Treart

Klimatiske tilhøve, evt. auka vindeksponering dersom tre vert felt etc.

Trea si samla betydning for grunneigaren/brukarane av området.

Ulemper naboen hevdar å ha av manglande sol, lys, utsikt mv. i høve til trea si høgd/plassering/tettleik  
Anna aktuelt

3. Forvaltningsstyret vert klageinstans for vedtak som er gjort administrativt

## Sak 024/13

## GODTGJERSLE FOR FRIVILLIG BRANNKORPS

## Formannskapet sitt vedtak: (samrøystes)

Godtgjersla til mannskapet i Bokn frivillige brannvesenet vert knyttet til toppløn som fagarbeidar. Ordinært mannskap får ei årleg godtgjersle på 5,37% og Utrykningsleiarar får ei årleg godtgjersle på 6,3%.

## Sak 031/13

## Godkjenning av intensjonsavtale om planlegging og erverv av kommunal eigedom.

## Formannskapet sitt vedtak: (samrøystes)

Formannskapet vedtok samrøysta å utsette saka i påvente av utarbeiding av ein stedsanalyse i Føresvik.



## Vinnarar av eFaktura-kampanje 2013

I perioden 1. februar til 30. april hadde Bokn kommune ein kampanje for å få flest mogeleg av våre kundar til å ta i bruk eFaktura. Konkurransen var retta mot barnehage og SFO ved Bokn skule, kor den som oppnådde høgast prosentandel ville vinna leiker til ein verdi av kr. 5 000,-. Gevinsten er gitt av Sparebank 1 SR-bank.

Ved gjennomgang av kunderegisteret pr. 1.mai vart det barnehagen som vant konkurransen kor 33,3% av kundane hadde inngått eFaktura avtale, medan SFO hadde 28,5%. Gratulerer til barnehagen, gevinsten vil nok koma godt med når ny avdeling skal opnast.

I tillegg hadde vi 3 gåvekort på kr. 500,- som gevinstar til alle som har inngått avtale om eFaktura eller avtalegiro med kommunen. Totalt har vi nå 160 slike avtaler, og vi anbefalar at enda fleire vel denne løysinga for kommunale rekningar.

Trekning av desse gåvekorta vart gjort på ordføraren sitt kontor og dei heldige var:

- **Olav Georg Larsen**
- **Johan Magne Medhaug**
- **Alf Knutsen**

## Vi gratulerer!

Helsing Økonomiavdelinga  
v/ økonomisjef Solrunn Alvestad



Bokn kommune har vore på Facebook i nærmare fem mnd. nå, og blitt ein viktig informasjonskanal.

Det viser seg at svært mange boknarar er med i nettsamfunnet, og det er ikkje uvanleg at nyhende som blir lagt ut blir sett av fleire hundre personar på kort tid. Artikkelen om panoramabilder frå Bokn fekk over 1100 treff, noko som er rekord til nå.

Og sida runder snart 300 likes.

## 100 år

**Jenny Pauline Hagen var 100 år 23. Juni i år. Ho er dotter av Peder Are, som var kjøpmann i Stavanger.**



Jenny Pauline Hagen blei fødd i Stavanger og begynte yrkeskarriera si i kolonialen til faren på Jordenholmen. Her jobba ho fram til ho fekk det første barnet sitt. Få år seinare flytta Jenny, mannen hennar og dei to små barna til Fevik på Sørlandet.

Livet som husmor på Sørlandet passa imidlertid Jenny godt, og ho brukte tida si på å sy barneklede, luka i kjøkkenhagen og som eit aktivt medlem av Sanitetsforeningen.

I mange år arbeidde ho på Fevik Strandhotell, før ho etter ei tid blei pensjonist.

Jubilanten løyser framleis noko kryssord og les gjerne høgt for sine tre barn, seks barnebarn og åtte oldebarn.

# Mange innom Bokn bygdemuseum i sommar

Reidar Alvestad

**87 namn er talde opp i besøksboka til Bokn bygdemuseum denne sommare. Bygdemuseet har hatt ope sju sundagar frå 30. juni til og med den 11. august. Oppmøtet har variert frå 2 personar til over 20 på opningsdagane. Gjennomsnittet utanom historielaget sin omvisande person, blir 12 besøkjande dei tre opningstimane om sundagane frå kl. 13.00 til kl. 16.00.**

Det er Bokn historielag som har tatt initiativ til å halda ope nokre timar på sundagane i sommarferienida. Dei har hatt samarbeid både med Bokn kommune og med Haugalandsmuseene. Oppslag har vore sett opp lokalt på oppslagstavler, og på stader der turistar ferdast – som t.d. ved starten av vegen opp til Boknafjellet. Vidare har Haugalandsmuseene avertert opningstida i si fellesannonse som dei har laurdagar i Haugesunds avis for museene i sistriktet. Dette har vel også gitt drahjelp når det gjeld besøkstalet. Det har vore folk innom både frå bygda og frå andre stader i landet. Det har også vore ein del folk frå andre land.

## Begeistring

Mange av dei besøkjande har uttrykt undring og begeistring over kor mykje interessant det er å sjå på museet. Ei gruppe amerikanarar med aner frå Bokn som var innom, viste stor interesse for det dei såg, og spurde ivrig etter kva dei ulike gjenstandane hadde vore brukt til.



Museumsvert Eivind Øvrebø og Liv Trosnavåg.

## Årvisst sommarope?

Bokn historielag vil nå ha ein gjennomgang av erfaringane dei fekk denne sommare. Ein kan ikkje ennå seia om det vil bli årvisst sommarope, men ein får ta eitt år om gongen. Det er ei forutsetning at kommunen fylgjer opp når det gjeld vedlikehald og tilrettelegging. Det kan nemnast at det er trangt

med parkering, og det er ikkje toalett. Innvendig har folk frå historielaget måtta ta det mest nødvendige når det gjeld reinhald, og ein ser at det må gjerast litt når det gjeld takstein som har flytta på seg på taket. Desse tinga vil ein ta opp med kommunen.


## DRØMMEFANGER

Eg får ikkje sova ingen drøm i nått  
Det hjelpe ikkje at tiå går og har gått  
Eg ligge og vrir meg klamme e dynå mi  
Kom nå drøm og gi meg ei nye rolige tid

Drømmefangar e livet huttemegbaretu  
Det hjelpe desverre lite å vita at du e du  
Her kan ingen hjelpa men eg sleppe jo mareritt  
Ole e borte så duggen ein sommardag slit 'an med sitt

Eg sko så gjerna seia at med deg blir alt så bra  
Og når dagen e der stemme det takk ska du ha  
Nåttå kan bli verre sjøl om eg ligge ved siå av deg  
Dette e mitt lodd i livet eg må gå min egen veg

Men ingenting e så gale at det ikkje finnes ro  
Eg kan hørre på din pust så stadig gir meg tro  
Drømmen komme tebage og gir livskrat te trøtt sinn  
Eg krølle meg godt samen takk Gud for du e min



Tekst & Foto: Kjetil Hamre

# Kontaktinformasjon frivillig sektor Bokn kommune 2013

Utan innsatsen som kvar dag vert lagd ned i frivillig sektor ville mange, både born og vaksne, stå utan eit sosialt nettverk og utan ein stad dei finn tilhøyrighet.

I åra som kjem vil innsatsen frå statleg hald i stadig større grad rette seg inn mot det å finne nye, innovative samarbeidsformer og arenaer for om mogleg å bidra til at fleire ynskjer å delta i det frivillige arbeidet. Frivillige; og å delta

som medborgarar – til glede og nytte for samfunn og for medmenneske. Med det vil ein og finna meining i eige liv.

Ikkje berre ynskjer ein at så mange som mogleg ville finne glede i å ta i eit frivillig tak, uavhengig av lag eller organisasjonstilhøyring, men ein ynskjer også at det skal vere enkelt å koma i kontakt med dei rette kontaktpersonane. Du finn difor her ei oversikt, oppdatert pr. 16. 08. 2013, over

kontaktpersonar i frivillig sektor i Bokn kommune. Har du spørsmål, ta kontakt med Jardar Havikbotn eller Anne Elisabeth Askeland.

**Meir utfyllande liste på bokn.no under Kommunen vår.**

## Oversikt frivillige lag og organisasjonar med kontaktinfo pr. 16.08.13

<u>Lag/org:</u>	<u>Leiar:</u>	<u>E-post:</u>	<u>Tlf:</u>
Bokn Røde Kors	Kaj Arne Christensen	kajch89@hotmail.com	90960035
Bokn Båtforening	Kaj Arne Christensen	kajch89@hotmail.com	90960035
Bokn bedehus	Sigmund Alvestad	sigmund@kleivaa.no	99513972
Bokn Kristeleg Folkeparti	Sigmund Alvestad	sigmund@kleivaa.no	99513972
Austre Bokn Bygdalag	June Kro	june.kro@hotmail.com	90910231
Bokn Mållag	Venevil Birkelund/Kyrre Lindanger	kyrre_lindanger@hotmail.com	91671726
Bokn Arbeidarparti	Anne L. Faye	afaye@bokn.kommune.no	92213062
Bokn bondelag	Torstein Alvestad	torstein@kleivaa.no	97155627
Tysvær og Bokn bonde og småbrukarlag	Leif Rune Sundfør	leirunesund@gmail.com	97737581
Bokn Computer Gathering	Vegar Våge	vegar@vpcs.no	48035182
Bokn danse og ungdomslag	Helge Solberg	helgesolberg@yahoo.no	41208066
Bokn Næringsforum	Helge Solberg	helgesolberg@yahoo.no	41208066
Bokn Hagelag	Silje Aksdal	geiaks@online.no	91532843
Bokn Historielag	Reidar Alvestad	reidalv@online.no	45691081
Bokn Høyre	Jostein Larsen	jglarsen@online.no	47866141
Bokn KFUK-KFUM speidarar	Svein Ove Alvestad	soalves@online.no	91354082
Bokn Idrettslag	Trond Vatnaland	trovat@statoil.com	90694350
Bokn MC	Jostein Larsen	jglarsen@online.no	47866141
Bokn musikkorps	Odd Grønnestad		90071868
Bokn Paintballklubb	Ole Johannes Grønnestad		
Bokn Pensjonistforening	Kari Våge		92840953
Bokn ride og køyreklubb	Emilie Moi Eikje	emilie.eikje@gmail.com	93216339
Bokn Sanitetsforening	Reidun Grønnestad		97544010
Bokn Sau og geitavlslag	Jens Morten Vatnaland	jem-vatn@online.no	91159382
Bokn Senterparti	Rune Vatnaland	ru-vatn@online.no	91158547
Bokn skyttarlag	Edgar Våge		
Bokn vevstove	Wenche Jøsang	ar-joes@online.no	98078351
Det norske misjonsselskap	Edvin Øvrebø		
Sjømannskirken Norsk kyrkje i utlandet	Elly Borgenvik		
Havnavegen velforening	Helge Kristian Nilssen	helge.kristian.nilssen@aibel.com	91797736
Føresvik velforening	Hanne Marthe Vatnaland	hmvatnaland@gmail.com	93220033
Petra Fritidklubb	Cecilie Odland	ceciodl@boknskule.no	91654216
Pluggen Motorklubb	Artur Trosnavåg	r_trosnavaag@hotmail.com	91198937
Den indre Sjømannsmisjon	Ingrid Håland		
Seniordansen, Bokn	Anne Lise Hoffmann	svanos2@online.no	90785943
Bokn Gatebilklubb	Odd Kenneth Tollaksen		93087679
HLF Tysvær og Bokn	Anne Grete Stake		
LHL Tysvær og Bokn lokallag	Tove Karin Høgemark		



altibox

# Du kan få fiber på Bokn



Bestill på [www.haugnett.no](http://www.haugnett.no)



altibox

# Salgs- og informasjonsmøte



## Fiberutbyggingen på Bokn har startet!

Få mer informasjon torsdag 5. september 2013

kl. 19-21 i auditoriet på Bokn skule

Representanter fra Haugaland Kraft/Altibox og utbygger Apply er tilstede.

[www.haugnett.no](http://www.haugnett.no)





**Hytter/Leiligheter med båt og kai plass**  
**Uke, måned eller året**  
 Ta kontakt med  
**Atle Jøsang - tlf. 900 72 369**  
**Mail: atle.josang@griegseafood.com**

## KFL bil og utleige

Utleige av stillas frå 500 kr. pr.v.  
 Utvendig lakkrens av bil frå 2.500 kr.  
 Innvendig reingjering frå 500 kr.  
 Skinnpleie frå 500 kr.  
 Desinfisering av klimaantl. 500 kr.

### Utleige av minigravar 2500 kg

Pris døgn 1.000 kr. + mva  
 Pris veke 5.000 kr. + mva  
 Pris pusseskuffe 150 kr. + mva  
 3.500 hengar, døgn 400 kr. + mva

**Kjell Frode 907 83 797**  
**John Magne 909 24 964**  
**Epost: kjellfrode75@hotmail.com**

## Har du avlagde kler, sko og leiker?

Kunne du tenkje deg å gi dei til eit godt føremål?

Me har innsamling på Kyrkjebygd kulturhus, i Petra/Artep sine lokale, kvar onsdag kl. 16-20.

Du kan levere i berepose eller i bossekk, og alt må vere reint og heilt.

For at det skal kome fram til dei som treng det, ber me om kr. 10,- for ein berepose, og kr. 50,- for ein bossekk.

Vil du gjerne levere noko frå deg, men har ikkje moglegheit ein onsdag? Ring ein av oss, så kan me avtale ei anna tid og dag.

Innsamlinga er i samarbeid med THK-stiftinga på Karmøy - [www.thk.no/](http://www.thk.no/)

**Annette Bokneberg (91 32 82 58) og**  
**Elisabet Taraldlien (46 95 95 13)**

## NEDREBØ MASKIN & TRANSPORT

- Salg og leveranse av singel og veigrus
- Skaffer også andre steinprodukter ved forespørsel
- Opplasting og bortkjøring av løsmasser

**Telefon: 94 98 63 64**

## Bokn & Tysvær begravelsesbyrå

**John Magne Lie**  
 909 24 964  
**Kjell Frode Lie**  
 907 83 797

## Bokn Bygdablad

[www.bygdabladet.no](http://www.bygdabladet.no) - [post@bygdabladet.no](mailto:post@bygdabladet.no)

Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Bladet kjem ut 10 gonger i året. Frist for innlevering av stoff er etter avtale med redaktøren.

Eit abonnement (papir eller PDF) kostar kr. 404,- pr. år, 578,- for både papir og PDF. Abonnementa er gratis for bortebuande skuleelevar og studentar.

**Redaktør:** Jardar Havikbotn, tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08  
 E-post: [jardar.havikbotn@bokn.kommune.no](mailto:jardar.havikbotn@bokn.kommune.no)/[post@bygdabladet.no](mailto:post@bygdabladet.no)

**Medarbeidarar:** Annette Bokneberg/Gro Sørensen

### Bygdabladnemnd

Elisabet Taraldlien  
 Kjetil Hamre  
 Hanne Marte Vatnaland

### Gjeldande annonseprisar

Heilside	kr. 2.000,-
Halvside	kr. 1.000,-
Kvartside	kr. 500,-
1/8 side	kr. 250,-
Privatann.	kr. 100,-
Nettannonse	kr. 100,-
Fastannonse	etter avtale

**Foto, omslag:**  
 Stephan Haram

## Planlagt stans i deler av anlegget på Kårstø høsten 2013



Det vil, fra og med 7. September og frem til 27. September, pågå en planlagt stans i deler av anlegget - Åsgard anlegget. Det vil i forbindelse med ned- og oppkjøringen av anleggsdelen være noe økt faking.

Vi håper ikke dette skaper unødige ulemper for våre naboer.

**Ove Tungesvik, kommunikasjonsleder (900 40 444)**

## Takk

*Eg vil takka alle for oppmerksamheita ved min 90 års dag.*

*Eg vil òg takka familien for fint selskap heime på Bokn.*

*Helsing Tobie Våge*

# Kulturmidlar 2013

**Personar, organisasjonar, foreningar, lag og institusjonar som driv eller vil starta kulturverksemd i Bokn kommune kan etter søknad få stønad frå kommunen.**

**Samtlege som mottok støtte i fjor har fått tilsendt søknadsskjema. Søknadsskjema kan også lastast ned på bokn.no.**

Nye søkjarar kan få søknadsskjema i Servicetorget på Boknatun.

Dei som søker for første gong kan få oppstartingsstønad. Storleiken på denne stønaden er avgrensa oppover til kr. 2.000,-

Søkjarar må leggja ved avskrift av rekneskap for 2012 og budsjett for 2013 i tillegg til å fylla ut søknadsskjemaet på ein tilfredsstillande måte.

Kulturmidlane det blir søkt om bør vera bakte inn i budsjettet for 2013, og det skal gå fram av søknaden korleis søkjararen tenkjer å bruka pengane.

Desse krava må oppfyllest for å få stønad.

## § 7 - støtte til eit spesielt tiltak

Kr. 10.000,- går til eit spesielt tiltak. Midlane går til den søkjararen som Formannskapet meiner har den beste søknaden. Dette gjeld ikkje vanleg drift, men større arrangement som kulturkveldar, konsertar og utstillingar, osv., eller større investeringar.

**Søknader som ikkje fyller krava som er gitt, eller kjem inn etter søknadsfristen, får ikkje stønad. Årets pott er på kr. 150.000 og kulturmidlane for 2013 blir fordelte av formannskapet.**

**Søknadsfrist 6. september**

## Møteplanar, kommunale styre og utval

### Bokn kommunestyre

01.10 kl. 19.00 (Boknatun, 2. etasje)  
17.12 kl. 19.00 (Boknatun, 2. etasje)

### Bokn formannskap

03.09 kl. 17.00 (Boknatun, 1. etasje)  
05. og 06.11  
Budsjettkonf. kl. 17.00 (Boknatun, 1. etasje)  
03.12 kl. 17.00 (Boknatun, 1. etasje)

### Bokn forvaltningsstyre

16.10 kl. 18.00 (Boknatun, 1. etasje)  
11.12 kl. 18.00 (Boknatun, 1. etasje)

### Bokn kontrollutval

05.09 kl. 19.00 (Boknatun, 2. etasje)  
07.11 kl. 19.00 (Boknatun, 2. etasje)

### Bokn sokneråd

03.10 kl. 19.00 Bokn bedehus  
31.10 kl. 19.30 Bokn bedehus  
26.11 kl. 19.00 Bokn bedehus

Politiske møte blir gjort kjende gjennom oppslag på Coop Marked Bokn og kommunen si heimeside ei veke før møtet går av stabelen.

Sakspapira blir utlagde til offentlig ettersyn samstundes i Servicetorget og Bokn bibliotek.

Det kan bli sett opp ekstramøte ved behov.

# Kulturprisen 2013

**Bokn kulturkontor ynskjer forslag på kandidatar til kulturprisen 2013.**

Prisen, som blir delt ut på eit kulturarrangement til hausten, skal vera ei påskjøning til ein person, lag eller andre som har utført eit særleg verdfullt arbeid på kulturområdet eller i nærmiljøet i Bokn kommune.

## Desse har fått prisen tidlegare:

Eivind Øvrebø	1993
Målfrid Kro Trosnavåg	1995
Olaug Hognaland	1997
Solveig og Leiv Våga	1999
Matias Are	2001
Inger Sønnøve Bokneberg	2003
Songtrioen (Venevil Birkelund, Oddrun Nilssen, May J. Vatnaland)	2005
Odd Grønnestad	2009
Ragnhild & Artur Trosnavåg	2011

## Stikkord for desse personane har vore:

Bygdemuséet, kulturvern, restaurering, innsamling, kulturformidling, lokalkunnskap, entusiasme, inspirasjonsfigur, tradisjon, diktar- og forteljarevne, dikt- og prologskrivning, barne- og ungdomsarbeid, uformell, respekt, eldsjeler, musikk, omsorg, jordnær, helseførebygging, støttearbeid, spre glede, mangfold, kvalitet, ja-menneske, utrøtteleg, positiv og inkluderande.

**Nå har du sjansen til å påverka kven Bokn kommune bør gi kulturprisen i år.**

**Skriv eit brev eller send ein mail til kulturkontoret (jardar.havikbotn@bokn.kommune.no) og fortel om kvifor akkurat den personen eller dei personane/ laget bør få kulturprisen.**

**Frist: 16. september**



Ragnhild og Artur Trosnavåg (th.) fekk kulturprisen i 2011



STORT FRAMSIDE-BILDE:

2. og 3. Kl. skuleåret 1974/1975 - sjå s. 5

Foto: Ukjent

### Forvaltningsstyremøte 12. juni 2013

Sak 017/13

#### Gnr. 1 bnr. 8 - Oliver Bothe - nybygg einebustad – dispensasjon

##### Forvaltningstyret vedtok:

I medhald av § 19-2 i plan- og bygningslova, dispenserer forvaltningsstyret frå kommuneplanen sin arealdel for å føre opp bustadhus på ei tidlegare frådelt tomt, slik det er søkt om.

Det er lagt vekt på at det relativt nyleg er dispensert frå planen for frådelling av bustadtomta, og at plangrunnlaget ikkje har endra seg sidan dette vedtaket vart gjort

Etter forvaltningsstyret si meining, vil frådellinga ikkje setje omsynet bak den bestemminga som det vert dispensert frå, eller omsynet til føremålsbestemminga i lova, vesentleg til side, og føremona ved å gje dispensasjon er klårt større enn ulempene etter ei samla vurdering.

Dersom det ikkje kjem klage på vedtaket, kan endeleg vedtak i byggesaka gjerast administrativt på delegert fullmakt .

Forvaltningsstyret godkjenner at garasje/ carport blir større enn det som går fram av vedtak i sak 044/03.

Sak 018/13

#### Gnr. 14 bnr. 1- Sigurd Johnny Svendsen - bruksendring - dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel

##### Forvaltningsstyret vedtok:

Saka vart trekt pga. at saksbehandlinga ikkje var ferdig frå administrasjonen si side.

Sak 019/13

#### Gnr. 10 Bnr. 10 - Torunn Feste - bruksendring - dispensasjon frå LNF-formålet i kommuneplanens arealdel

##### Forvaltningsstyret vedtok:

Saka vart trekk pga. at saksbehandlinga ikkje var ferdig frå administrasjonen si side.

Sak 020/13

#### Gnr. 24 bnr. 5 Odd Borgenvik - endring av tomte-delingsplan - dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan

##### Forvaltningsstyret vedtok:

Saka vart trekt pga. at saksbehandlinga ikkje var ferdig frå administrasjonen si side.



Sak 021/13

#### Tildeling av kvoter 2013

##### Forvaltningsstyret vedtok:

Med hjemmel i Forskrift om forvaltning av hjortevilt §21 godkjenner forvaltningsstyret (viltnemda) tildeling av kvoter for hjort og rådyr slik det framgår av tabell i saksutredningen.

Fellingsavgiften skal være kr.370,- for voksne dyr og kr. 225,- for kalv.

Sak 022/13

#### SOMMARFULLMAKT FORVALTNING 2013

##### Forvaltningsstyret vedtok:

Det blei samrøystes vedteke å ikkje gje rådmannen sommarfullmakt.

Sak 023/13

#### Referatsaker.

Referatssakene blei tatt til etterretning.

## Bokn legekantor – hausten 2013

Legekantoret vil vere i vanleg drift med nokre unntak:

#### September 2013

Kantoret er ope som vanleg med unntak fredag 13. september. Legen har avspasering veke 37 og 38 (9/9 til og med 20/9), du vil då ved behov bli vist til Hegren legesenter i Aksdal. Ta uansett kontakt på vanleg måte – ring til Bokn legekantor i våre opningstider og til Bokn legevakt ved akutt behov for lege utanom våre opningstider.

#### Oktober 2013

Veke 42 (14-18/19) flyttar vi drifta til Hegren legesenter. Resten av månaden vil kantoret vil vere ope som vanleg. Etter planen vil vi fire veker i oktober ha med oss ein sisteårs medisinstudent slik vi har hatt tidlegare år også.

#### November 2013

Kantoret er ope som vanleg. Legen er på kurs veke 46 (11-15/11), du vil då ved behov bli vist til Hegren legesenter i Aksdal.

#### Vennleg helsing Oss på Bokn legekantor

## Endringar, Psykisk helseteneste

Frå 1. september blir det litt forandringar i tilbodet frå Psykisk helsetjeneste.

Då Grethe Heimvik har gått over i stillinga som einingsleiar ved Bokn sjukestove, vil Henriette Lindanger, som har vidareutdanning i psykisk helse for barn og unge, begynna i 40%-stilling ved Psykisk helseteneste på torsdagar og fredagar. Ho er framleis helsesøster dei andre dagane i veka.

I tillegg er Miriam Berland (100%-stilling) ved Psykisk helseteneste.

# Gladtrimmen

**Om det gjer godt for både kropp og sjel, spør du? Jau, vi vil påstå det: Bli med – prøv du også!**

Vi ynskjer nye og kjende velkomen til nok ein haust med mykje lått og løye, til trening til musikk, men og utan.

Vi har høgt fokus på balanse – og styrke- trening ispedd pulstrening.

Oppstart: **Torsdag 5. september (NB merk dato!!)**

Stad: **Gymsalen, Bokn skule**

Tidsrom: **10.25 – 11.10 (45 minutt)**

Hugs gode sko, det humøret du har samt ei flaske vatn så sjåast vi.

Spørsmål? Ring 95 94 59 08 (Anne Elisabet Askeland)

**Vel møtt!**



## Renovasjonsavgift

**Haugaland Interkommunale Miljøverk IKS (HIM) har nå overtatt fakturering og innkreving av renovasjonsavgift for Bokn kommune. Dette har virkning fra 2. halvår 2013. Fra samme periode vil faktura med kommunale avgifter fra Bokn kommune ikke inkludere renovasjonsavgift.**

HIM vil fakturere renovasjonsavgift på lik måte som Bokn kommune, d.v.s. kvartalsvis. Faktura for 3. kvartal 2013 (1/7 – 30/9-2013) sendes ut i løpet av de nærmeste dagene.

Alle oppgaver med renovasjon er nå overført til HIM og abonnentene i Bokn

kommune skal derfor kontakte HIM i alle slike saker. HIM kundesenter vil svare på spørsmål som for eksempel faktura, manglende tømning, søknad om fritak, ødelagte beholdere, spørsmål om dag for tømning, kildesortering o.s.v..

**HIM kundesenter kan kontaktes på epost: [post@him.as](mailto:post@him.as) eller på telefon 52 76 50 55.**

HIM har med dette overtatt fakturering av renovasjonsgebyr til alle husholdninger i Haugesund, Etne og Bokn. Fra og med 2014 vil også Tysvær kommune komme med i denne ordningen.

På [www.him.as](http://www.him.as) kan alle abonnenter logge seg inn på HIM-kundeportal. Her fås tilgang til bl.a. tømmekalender, bestilling av SMS-varsling for tømmedag og fakturainformasjon. På fakturaen abonnentene mottar er det påført brukernavn og passord til kundeportalen.

For de som har smarttelefon er det også nyttig å laste ned en App som gir løpende oppdatering og varsling om tømning. Appen heter «ISY Tømmeplan» og er klar for iPhone og Android.

Vennlig hilsen

**Haugaland Interkommunale Miljøverk IKS**

## Mobilt avfallsmottak

**Mottaket vitjar Føresvik i tidsrommet 15:00-17:00. Dette gjer HIM for at våre abonnentar lettare skal kunne levera avfall på ein miljøvennleg måte.**

Mottaket blir plassert ved returpunktet for glas- og metallemballasje og vil bestå av ein containerbil med tilhengar og spesialinnreidde containerar, samt ein 2- kamra renovasjonsbil. Innbyggjarane kan levera alle type avfall til dette mot kontant betaling. Prisen er den same som ved våre ordinære mottak; frå 50 kr til nokon hundrelap-

par avhengig av levert mengde.

For å redusera HIM sine handsamingskostnader og auke miljønyttan må alt avfallet sorteras. Beteninga vil veilede og hjelpe til ved behov. HIM har diverse ikkje kapasitet til å ta i mot store lass (levert med traktor eller varebil) store vindusrute, asbesthaldig avfall osv. Slikt avfall visast til våre ordinære avfallsmottak i Haugesund (Årabrot), på Toraneset og Tongane i Etne.

Når du leverar ditt avfall til våre mottak og sorterer det, sørgjer du for at

HIM kan handsame dette på beste måte for miljøet!

HIM vil også ha stopp i Tysvær og Vindafjord, bl.a. blir Slåttevik vitja fredag 30/8 kl. 16:00-18:00 og laurdag 7/9 kl. 09:00-11:00. Sjå vores internettsider [www.him.as](http://www.him.as) for utfyllande kjørerute.

Ordninga er eit prøveprosjekt som skal evaluerast i haust.

**Magnus T. Hauge  
Leder Info. & Plan- HIM**



Om du vil ha time på salongen eller hjemme er det bare å ringe meg på tlf.

**52 74 86 47**  
**46 44 29 20**

Hårsmiå har åpent hver dag og ut over kvelden for de som vil komme etter arbeidstid.

Hilsen  
Mona på Hårsmiå

### Frisørrommet på Boknatun

- i sentrum av Bokn -



Åpningstider:  
tirsdag-fredag

Oddetallsuker:  
kl. 09-16  
Partallsuker:  
fleksible  
åpningstider

**GOLDWELL**  
CLOSER TO STYLISTE. CLOSER TO HAIR.

Hilsen fra  
Anita

99 32 55 34  
52 74 85 34

**GOLDWELL**  
CLOSER TO STYLISTE. CLOSER TO HAIR.

#### DAGSENTERET

Ope kvar tysdag kl. 10.00 - 14.00  
Trenng du skyss, blir du henta på døra.

Nye brukarar blir spesielt ønska velkomne.

Påmelding på tlf. 93 09 39 98

**Mariann Skjelde - aktivtør**



NAV BOKN

Kundesenteret: tlf. 55 55 33 33

**Unn A. Mustaparta - leiar**

#### SERVICETORGET

Tlf.: 52 75 25 00 kvar dag 08.30- 15.00

#### Me kan t.d. hjelpa deg med:

- generell informasjon om ulike tenester
- kontakt med rett saksbehandler i kommunen
- utdeling av skjema
- utleige av kommunale lokaler, eksl. bustader
- informasjon om utval, møter og dokumenter
- endring av skattekort
- utfylling og innlevering av flytteskjema
- innlevering av selvangivelser og kontakt med likningskontoret
- bustøtte - Husbanken
- økonomisk gjeldsrådgivning
- innsyn i kommunens dokumenter/arkiver
- sal av bygdebøker, boknaspennå, krus, m.m.
- kopiering

Direkte nr.: 52 75 25 10 - 52 75 25 11

E-post: [post@bokn.kommune.no](mailto:post@bokn.kommune.no)

#### BOKN TANNKLINIKK

Kontortid tysdagar kl. 08.30 - 15.10  
Tlf. 52 75 25 80

Timebestilling kan også gjerast via Tysvær tannklinikk, tlf. 52 75 45 20

**Tannlege Ingjerd Hope Myklebust**

#### LANDBRUKSKONTORET

Kontordag kvar torsdag på Boknatun kl. 08.00 - 12.00

Direktenummer: 52 75 25 11

Avtale etter kl 12 må gjerast særskilt.

**Bjørn Bruaset: 52 75 71 75**  
**Emilie Moi Eikje: 52 75 77 69**

#### BOKN FOTTERAPI

Heimelocale, Øyren 16

Timebestilling tlf. 99 70 74 28

**Rita Bokneberg - fotterapeut**

#### BOKN LEGEKONTOR

Kvar tysdag og fredag samt onsdagar i partallsveker.  
Opningstider 08 - 15.30.  
Telefontider 08-11 og 13-14.  
Telefon 52 75 25 40.

**Ved behov for øyeblikkeleg hjelp, ring Bokn Legevakt 52 74 85 22 (heile døgnet).**

**Ved livstruande tilstand, ring 113.**

Timebestilling på internett eller SMS, sjå [www.bokn.no](http://www.bokn.no) for meir info.

**Jan Schille - lege**

#### PSYKISK HELSETENESTE

Kontortid mellom kl. 08.00 - 14.00 alle dagar, torsdag ope til kl 15.30.

Direktenr.: 52 75 25 36  
Mobilnummer: 40 41 05 70

(me er lettast å få tak i på mobil)

EP: [grethe.e.heimvik@bokn.kommune.no](mailto:grethe.e.heimvik@bokn.kommune.no)  
[miriam.berland@bokn.kommune.no](mailto:miriam.berland@bokn.kommune.no)

#### HELSESØSTER

Helsestasjonen er open måndagar, tysdagar og onsdagar kl. 08.00 - 15.30  
Tlf: 52 75 25 43

Du kan ellers kontakta Henriette på mobil 93 85 14 09

**Henriette S. Lindanger - helsesøster**

#### JORDMORTENESTA

Jordmor vert å treffa på fysioterapirommet måndag i oddetallsveker.

Du kan kontakta jordmor Bodil på tlf. 40 41 12 61  
Timebestilling: Ta kontakt på helsestasjonen!

**Bodil Ljones Auestad - jordmor**

#### BOKN FYSIOTERAPI

Onsdag og torsdag kvar veke

Tysdag - onsdag - torsdag kvar tredje veke - tlf. 52 75 25 33 - 91 61 23 91

Ta kontakt for avtale.

Smerter i muskler og ledd? Ta direkte kontakt.

**Geir Austvik - fysioterapeut**

Annonsér i  
Bokn Bygdablad



## SOMMERENS UTVALGTE

### TIL BILEN LYDPRODUKTER OG BÅTEN



DABradio i bilen m/ALPINE CDE-136BT CD/Radio med DAB/DAB+, Bluetooth for håndfri telefon bruk og musikk overføring, USB, AUX, 6 kanal linjeutgang. **KR. 2895,-**



SONY CDX-MR60UI CD/Radio med AUX og USB til båt, 4 x 52 watt, klar for vantett fjernbetjening med display. FØR KR. 2995,- **TILBUD KR. 1895,-**

**NYHET!**



Alpine INE-W925R DAB+/DAB/FM/AM/Multimedia med Bluetooth, Navigasjon, USB, AUX, CD, DVD, 4 x 50 watt innebygd forsterker, 6 kanals linjeutgang (4 volt).

**TILBUD NÅ KR. 9995,-**



**MARINE Kombo**

Den ideelle løsningen for din åpne båt. Vantett forsterker med AUX-inngang, 60 watt 2 stk 6 x 9" marinehøytalere følger med.

**KUN KR. 1495,-**

**NEW**



Alpine SBG-12KIT Basspakke med 12" bass i kasse, forsterker og kabelsett.

**KUN KR. 2995,-**

**VI MONTERER I BIL OG BÅT.**

**BENYTT DEG GJERNE AV VÅR KUNNSKAP OG LANGE ERFARING.**

Skjoldavegen 12, 5525 HAUGESUND  
Telefon: 52 72 39 56  
Mail: [post@bernhardsbillyd.no](mailto:post@bernhardsbillyd.no)

**BERNHARD'S**  
*bil & båtlyd*

[www.bernhardsbillyd.no](http://www.bernhardsbillyd.no) TLF. 52 72 39 56



*Båtkommer finner du hos oss!*

Honda Tohatsu Deutz Vetus Silver AMT Terhi Sea Star Hornwave Inter Seolegs River

## UKENS BÅTTILBUD



**TERHI NORDIC 6020**  
inkl. Tohatsu 25 hk med el. start og ekkolodd. (På lager)

**64.000,-**



**AMT 200 DC**  
inkl. Honda bf 90 hk ferdig montert. (Kun 1 stk.)

**274.990,-**



**SEA STAR 20 NE**  
inkl. Honda 60 hk ferdig montert. (På lager)

**209.000,-**



**AMT 185 R**  
inkl. Honda bf 90 hk ferdig montert. (Kun 1 stk.)

**199.000,-**

**P.S. Snart er hummersesongen i gang.**

